

Vaksdal kommune

Moglegheitsstudiet K600 skule i Dale alternativ 1 og alternativ 2

2015-04-07 Oppdragsnr.:5150543



M01	2015-04-17	Moglegheitsstudiet K600 skule i Dale	CaHof/ EsLSt	AnKBo	AnKBo
Rev	Dato:	Beskriving	Utarb	Kontroll	Godkjent

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhørar Norconsult. Dokumentet må bare benytte til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikkje kopieras eller gjerast tilgjengelig på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseiar.

Innhald

1	Samandrag	5
2	Innleiing	6
2.1	Oppdraget- Moglegheitsstudiet	6
3	Dimensjonering og føringar	7
3.1	Forventa elevtal	7
3.2	Arealprogram K 600	9
3.3	uteareal	9
3.4	parkering	10
4	Opprusting og utviding av Dale barne- og ungdomskule.	11
4.1	Tomt	11
4.1.1	Solstudiar	12
4.2	Konsept for skulebygget	13
4.2.1	Generelle læringsareal, - trinnområda	13
4.2.2	Skulefritidsordning (SFO)	14
4.2.3	Spesialisert læringsareal	14
4.2.4	Andre fellesfunksjonar	15
4.2.5	Personal- og administrasjonsareal	16
4.2.6	Uteareal	16
4.2.7	Tilleggsfunksjonar	18
5	Ny kombinert barne- og ungdomskule på ny tomt i Dale	22
5.1	Tomt	22
5.1.1	Solstudiar	24
5.2	Konsept for nytt Skulebygg	24
5.2.1	Generelle læringsareal, - trinnområda	29
5.2.2	Skulefritidsordning (SFO)	29
5.2.3	Spesialiserte læringsareal	29
5.2.4	Andre fellesfunksjonar	30
5.2.5	Personal- og administrasjonsareal	31
5.2.6	Uteareal	31
5.2.7	Tilleggsfunksjonar	32
6	Tilstandsvurdering og kostnader	33

6.1	Tilstandsvurdering	33
6.2	Kostnad	34
6.2.1	Alternativ 1.	34
6.2.2	Alternativ 2	35
7	Oppsummering	36
8	Vedlegg	38

1 Samandrag

Norconsult er blitt beden om å dokumentere tilstand, trong for vedlikehald samt opprusting av skular og barnehagar i Vaksdal kommune. I tillegg skal 3 hovudalternativ for framtidig skulestruktur utgreiast.

Denne rapporten tar føre seg dei to moglegheitstudia (alternativ 1 og 2) for ein ny felles kombinertskule 1.-10. trinn med et elevtal på 600.

Alternativ 1 – opprusting og utviding av Dale barne- og ungdomsskule.

Alternativ 2 – ny kombinert barne- og ungdomskule på ny tomt i Dale.

Dei to tomtene i studien har ulike kvalitetar som vi omtalar og vurderer i rapporten. Tilhøva for dagslys og avstand til sentrum er viktige moment i denne samanheng.

Tilstandsvurderinga avdekkar alvorlege manglar og stort behov for oppgradering ved dei eksisterande skulebygga til Dale BU i dag. I arbeidet med å få til eit tilfredstillande skuleanlegg som oppfyller dagens lover og forskrifter, er det nødvendig med ei tung ombygging av dei eksisterande bygga.

Kostnadsoverslaga viser at ei opprusting av eksisterande bygg vil medføre kostnader nær opp til kostnadane ved eit nytt skulebygg.

Nytt skulebygg gjev store fordelar gjennom effektive trafikkareal ved bruk og drift i anlegget. I forminga av eit nytt skuleanlegg står ein friare til å designe gode fleksible undervisningsareal for varierende undervisning og pedagogikk. Eit nytt og moderne skulebygg vil vere framtidretta og økonomisk gunstig sett over eit lengre perspektiv.

2 Innleiing

3 hovudalternativ for framtidig skulestruktur skal utgreiast.

Alternativ 0 – opprusting av eksisterande bygg til tilfredsstillande kvalitet.

Alternativ 1 – opprusting og utviding av Dale barne- og ungdomsskule.

Alternativ 2 – ny kombinert barne- og ungdomsskule på ny tomt i Dale.

I alternativ 0 vert alle dei eksisterande bygga i barnehagane og skulane gjennomgått og kartlagt teknisk og bruksmessig ut frå dei tekniske faga. Av denne delen vil det gå fram kva tiltak som må setjast inn for å få bygga sett i tilfredsstillande stand. I alternativ 0 vert det ikkje gjort pedagogiske vurderingar av bygg og funksjonalitet.

I alternativ 1 og 2 ser vi på moglegheita for å etablere ein felles skule for heile kommunen, sentralt plassert på Dale. Det er desse to alternativane som vert presentert i denne rapporten. Norconsult er gjort kjent med at Vaksdal kommune parallelt med vårt arbeid har sett i gang arbeid med ny skulebehovsplan. Moglegheitsstudiane vil kunne nyttast som grunnlagsmateriale i ein slik skulebehovsplan.

2.1 **OPPDRAGET- MOGLEGHEITSSTUDIET**

Norconsult har fått i oppdrag frå Vaksdal kommune og utgreie to moglegheitstudiar for ein ny K 600 skule.

Alternativ 1 – opprusting og utviding av Dale barne og ungdomsskule.

Alternativ 2 – ny kombinert barne- og ungdomsskule på ny tomt i Dale.

For begge alternativane er det og eit ønskje frå kommunen å få med tilleggfunksjonane for ppt , helsestasjon, kulturskule, bibliotek og konsertsal for inntil 120 personar.

Kontaktperson i Vaksdal kommune har vore einingsleiar for samfunnsutvikling Willy-Andre Gjesdal.

Det har vore gjennomført synfaring av anlegga 5. februar og brukarmøte 2. mars.

Frå Norconsult har Arkitekt Pål Bjørkhaug og Espen Storstrand frå skuleseksjonen delteke.

3 Dimensjonering og føringar

Elevtalsframskrivinga som vert presentert under er basert på tal frå folkeframskriving frå Statistisk sentralbyrå (SSB), februar 2015. Vi har valt å leggje til grunn SSB sin middelpnognose (MMMM), men har og sett på tal for eit lågvekstalternativ (LLML) for å sjå kor stor skilnad det er mellom dei to alternativa utover i tid.

Det er lagt inn som ein føresetnad for framskrivinga frå SSB at folketalsdelen vil utvikle seg nokon lunde likt med det historiske mønsteret. Vi har i tillegg justert framskrivinga i høve til det faktiske samla elevtalet for kommunen (GSI-tal) pr. i dag. Vi har også tatt omsyn til dei faktiske fødselstala for årskulla 2009-2014. Dette er elevane som skal starte opp i førsteklasse dei seks neste åra.

Elevtalsframskrivingar kan aldri gje nokon garanti for korleis elevtalsutviklinga faktisk vert, men tala gjev oss ein god peikepinn på kva utvikling vi har i vente.

Før Vaksdal kommune gjer endeleg val av framtidig skulestruktur, vil det vere viktig å få utarbeidd oppdaterte elevtalsprognosar, som og tek omsyn til flytting, bustadbygging, innvandring, fødslar, aldring m.m. Slike variablar er ikkje lagt inn i elevtalsframskrivinga under, og det vil difor vere større usikkerheit knytt til slike framskrivingar enn til elevtalsprognosar.

3.1 FORVENTA ELEVTAL


Skuleåret 2014/15 er det samla elevtal for 1.-10. trinn i Vaksdal kommune 458 elevar (GSI). Talet på elevar på kvart årstrinn varierer frå 36 på 5. trinn (barn født 2004) til 58 på 2. trinn (barn født 2007). Gjennomsnitt elevtal pr. årstrinn er i dag 46 elevar.

Til sumaren går det ut eit kull på 10. trinn med 44 elevar. Eit større kull på vel 60 elevar kjem inn på første trinn, og samla elevtal neste år vert difor omkring 480. Fram mot 2021 er det venta at elevtalet vil auke jamt opp mot 500 elevar.


Frå 2021 vert det i folkeframskrivinga lagt til grunn at talet på elevar vil stige til eit gjennomsnitt på rundt 58 elevar pr årstrinn. I lågvekstalternativet ligg tilsvarande gjennomsnitt på 51 elevar. I begge alternativa vert det altså forventa ei auke i samla elevtal i perioden fram mot 2030.

Aldersgruppe	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029	2030
6-12 år	308	313	339	346	359	352	350	345	350	343	353	364	381	394	401	406	410
13-15 år	157	145	142	124	121	130	138	154	155	170	161	160	139	138	142	154	162
Total	465	458	481	470	480	482	488	499	505	513	514	524	520	532	543	560	572

01: Tabell :Elevtalsframskriving for hovudstega (barnetrinn og ungdomstrinn) for perioden 2016 til 2030, med utgangspunkt i SSB middelsalternativ.



02: Figur: Elevtalsframskriving for elever på 1.-10.trinn, basert på låg- og middelsalternativ frå SSB. Framskrivinga er justert for faktisk elevtal skuleåret 2014/15.



04: Figur: Elevtalsframskriving for elever på 1.-10.trinn, basert på middelsalternativ frå SSB. Framskrivinga er justert for faktisk elevtal skuleåret 2014/15.

3.2 AREALPROGRAM K 600

Folketalsframskrivinga basert på SSB middelsalternativ tilseier eit samla elevtal på 1.-10. årstrinn på rundt 570 elevar i 2030. Vi har difor lagt til grunn eit arealprogram for eit dimensjonert elevtal opp mot 600 elevar.

Norconsult har utvikla eit arealprogram som tek utgangspunkt i nettoarealet. Brutto/netto-faktor dekkjer inn mellom anna tekniske rom, gangareal, vegger med meir. Arealprogrammet byggjer på erfaringstal frå andre kommunar, som Bergen, Oslo og Trondheim. Av desse kommunane ligg Norconsult sitt arealprogram nærast opp mot programmet som vert nytta av Bergen kommune.

SKOLETYPE:	K600	Pr.elev
GENERELT LÆRINGSAREAL:		
GENERELLE LÆRINGSAREAL	2 400	4,00
ELEVgarderobar/toalett	444	0,74
SFO-BASE	84	0,14
SUM GENERELT LÆRINGSAREAL:	2 928	4,88
SPESIELT LÆRINGSAREAL:		
SKULEKJØKEN	150	0,25
BIBLIOTEK	150	0,25
NATURFAG	100	0,17
MUSIKK	150	0,25
KUNST OG HÅNDVERK	300	0,50
SUM SPESIELT LÆRINGSAREAL	850	1,42
PERSONAL- OG ADMINISTRASJON		
ADMINISTRASJON (INKL SFO-LEDER)	100	0,17
LÆRERARBEIDSPASSER M/STØTTEFUNKSJONER	360	0,60
MØTEROM	55	0,09
PERSONALROM	70	0,12
PERSONALgarderobar/toalett	72	0,12
SUM PERSONAL- OG ADMINISTRASJONSAREAL	657	1,10
ANDRE FUNKSJONER:		
KANTINE	180	0,30
HELSE/PPT/LOGOPED	30	0,05
DRIFT OG LAGER	125	0,21
SUM ANDRE FUNKSJONER	335	0,56
SUM NETTOAREAL ekskl idrettsareal	4770	8
SUM BRUTTOAREAL ekskl idrettsareal (NETTO* B/N faktor)	6 678	11,13
IDRETTSAREAL (SAL/GARD/BIROM)	700	1,17
SUM NETTOAREAL inkl idrettsareal	5470	9,12
SUM BRUTTOAREAL (NETTO* B/N faktor) :	7 658	12,76
I bruttoareal inngår tekniske rom, veggtykkelse, gangareal m.m.		

05: Figur: Arealprogram for K600 (kombinertskule 1-10, med dimensjonert elevkapasitet opp til 600 elevar.

3.3 UTEAREAL

Det ligg ikkje føre sentralt gitte bestemmingar for størrelse og utforming av skulen sitt uteområde, men i *Rettleiar til forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular* (Helsedirektoratet 2014) vert det gjeve anbefalingar for utforming av uteområdet. Anbefalinga gjeld mellom anna tryggleik, tilgjengelegheit, organisering og størrelse. For nye skular er anbefalinga 15.000m² for skular med

meir enn 300 elevar, med eit tillegg på 25m^2 pr. elev over 300. Anbefalt uteareal for ein skule med 600 elevar vert med dette 22.500m^2 .

Tilleggsareal i rimeleg nærleik, som til dømes idrettsanlegg, skog og utmark, som skulen disponerer i skuletida, vil normalt kunne reknast med i arealet.

Utforminga av utearealet må fremje leik og motorisk utvikling, stimulere til eigenaktivitet, men også til organiserte aktiviteter mellom anna i undervisninga. Alle elevar må kunne nytte utearealet.

3.4 PARKERING

Parkeringsanlegg og trafikkareal knytt til skuleanlegg kan vere arealkrevjande. For å vurdere i kva grad dei to tomtene er egna for ein ny skule er det også behov for å sjå på areal for parkering. Direktoratet for byggkvalitet definerer 'Minste uteoppholdsareal' (MUA) som dei deler av tomte som er egna til formålet og som ikkje er bygd på eller avsett til køyring og parkering. I 1997 blei det også innført ein regel om at parkeringsareal skal reknast med i grad av tomtens utnytting. Det finnst unntak for at parkering ikkje reknast med, men då må det visast korleis parkering vert dekt på annan måte. Vaksdal kommune har ikkje rettleiar for parkering, og vi har ikkje greidd å finne føringar via gjeldande reguleringsplan for parkering på eksisterande skule.

Følgjande byggeregler gjelder for parkering:

§ 8-8. Kjøretilkomst

Byggverk skal ha tilfredsstillande kjøretilkomst tilpassa byggverkets funksjon.

§ 8-9. Parkerings- og annen oppstillingsplass

Byggverk skal ha nødvendig parkerings- og oppstillingsplass tilpassa byggets funksjon.

Vi tar utgangspunkt i ny situasjon med eit auka elevtal der skulen skal byggjast som ein kombinertskule for 600 elevar (K600). Det vert teke høgde for at 50 tilsette skal opphalde seg samtidig på ein K600 skule. Sjølv om både eksisterande skuletomt og den alternative nye tomten ligg sentralt i Dale, antar vi at ein del tilsette også kjem køyrande utanfrå Dale. Med utgangspunkt i Bergen kommunes parkeringsvedtekt for 'Ytre by', bereknast minstekrav til tal på p-plasser å vere:

25 p-plasser for bil, der 2 av desse skal være p-plassar for rørslehemma (520m^2)

100 p-plassar for sykkel (126m^2)



06: Foto parkering Dale BU

4 Opprusting og utviding av Dale barne- og ungdomskule.

4.1 TOMT

Skuletomta består av eigedomen 22/91 og ligg sentralt plassert ved Dale sentrum.

Tomta har plassering og terrengform som gir gode soltilhøve og skjerming for kalde vinder frå nord og aust.

E16 og jernbanespor ligg like ved skuletomta og utgjer ei potensiell støykjelde. Ved ei eventuell utviding av skulen på denne tomte bør det gjerast akustiske vurderingar om eksisterande støydempande tiltak er tilstrekkeleg gode, og om det eventuelt finnast andre støykjelder.

Tomten er utsett for potensielt kaldluftsdrag frå fjellsidene. Dei klimatiske tilhøva bør vurderast nærare i ein eventuelt vidare detaljering av skuletomta.



07: Foto Dale sett frå Krokavatnet med skulebygg foto Arnt Flatmo


Den sentrale plasseringa nær sentrum gjer skuletomta egna for fleirbruk, spesielt med tanke på utleige og bruk på ettermiddagar og helger. Det er gode tilkomstvegar inn til tomte og den ligg nær haldeplassar for buss og jernbane.

Uteområda til skulen vil vere ein stor ressurs for sentrum av Dale.

4.1.1 Solstudiar



haust kl. 09.00



haust kl. 12.00



haust kl. 16.00



Det er ikkje direkte sollys på tomta midt på vinteren



juni kl. 09.00



juni kl. 12.00



juni kl. 16.00

08: Illustrasjon solstudiar

Tettstaden Dale ligg omkransa av høge fjell. Solstudiar av skuletomta viser at den har ei god plassering for å dra nytte av dagslys i skuletida, i dei periodane lyset er tilgjengeleg over dei høge fjelltoppane.

4.2 KONSEPT FOR SKULEBYGGET

Ved ei utviding av elevkapasiteten i det eksisterande skuleanlegget på Dale, vert det lagt til grunn at ein i størst mogleg grad nyttar eksisterande bygningar. Det vil likevel vere heilt nødvendig med noko nybygg for å kome opp i eit tilstrekkeleg tilgjengeleg areal. Ved ei slik utviding vert det viktig å velje løysingar som sett mist mogleg avtrykk på tomta. Vi ser føre oss eit nybygg som binder saman realfagbygget og barneskulebygget. Bygget vil strekkje seg over tre etasjar, med eit tilbaketrekt areal på gateplan. Dette vil gje eit overbygg framføre hovudinngangen og på baksida mot leikeområdet for dei yngste elevane.

I grove trekk ser vi føre oss at ny hovudinndeling og bruk av dei ulike bygga vert som følgjer: Elevar på 1.-5. årstrinn får trinnområde i Barneskulebygget. SFO-basen kjem også her. Trinnområda for 6.og 7. trinn vert etablert i Realfagbygget. Her vert det også spesialisert læringsareal for naturfag, musikk og mat og helse. 8.-10. trinn får trinnområde i ungdomsskulebygget. Her vert det også spesialisert læringsareal i kunst og handverk. Gymsalen att med symjehallen vert rusta opp og får tilleggsfunksjon som konsertsal.

Administrasjon og funksjonar for personale vert samla i nybygget. Her vert det også vestibyleområde, samt areal for Ppt og helsestasjon. Kulturskulen får lokale i tilknytning til ny vestibyle og musikkavdeling. Det vert lagt opp til delvis sambruk med skule og SFO.

Ved ei ombygging, rehabilitering og utviding av eksisterande skulebygg, bør ein så langt som råd er leggje til grunn same arealplan som for nybygg, sjølv om det alltid vil liggje mange føringar i dei eksisterande fysiske løysningar. Vi har nytta Norconsult sitt rettleiande arealprogram for ny K600-skule som grunnlag for spesialisert læringsareal ved ny rehabilitert og utvida skule (j.f. kap 3.2).

4.2.1 *Generelle læringsareal, - trinnområda*

For ein stor skule med kapasitet opp mot 600 elevar er det viktig å finne gode løysningar i høve til plassering av dei sentrale funksjonane slik at minst mogleg tid går med til å flytte på seg. Det er viktig å unngå unødvendig trafikk i skuleanlegget då dette ofte medfører støy og andre formar for uro.

På trinnivå er det viktig at elevar på same trinn, som skal samarbeide og samhandle i skulekvardagen, er plassert i same del av skuleanlegget. Avstand til grupperom, garderobar og toalett må vere kort. Likeeins bør det ikkje vere lengre avstand enn naudsynt til spesialiserte læringsareal og fellesareala.

I ny K600-løysning (kombinertskule dimensjonert for omkring 600 elevar) vert det lagt opp til å halde dei ulike hovudstega (småsteget, mellomsteget og ungdomssteget) mest mogleg samla. Det vil ikkje vere nok tilgjengeleg areal til å få plass til heile mellomsteget i «Realskulebygget», og 5. trinn får difor trinnareal i «Barneskulebygget», i same etasje som 4. trinn.

For 1. og 7. trinn er det lagt inn noko ekstra undervisningsareal, slik at skulen har noko fleksibilitet i høve til skuleår med store årskull. Tilleggsareala kan nyttast av dei store trinna.

Småsteget (1.-4. trinn, - pluss 5. trinn)

Trinna på småsteget får sine trinnområde i Barneskulebygget. Fyrstetrinn er tenkt inn i 1. etasje. Trinnområdet her vil vere noko større enn for dei andre trinna, men det vert og lagt opp til noko sambruk med SFO i deler av arealet. I trinnarealet vert det tilgang på fleire klasserom og

grupperom. Elevane får lett tilgang til og frå uteområdet gjennom garderobeområdet i aust-enden av bygget. Elevtoaletta for elevane på førstetrinn vert lokalisert ved garderobane. Elevane vil nytte dei same garderobane og toaletta på SFO og i skuletida.

2.-5. årssteg vil ha sine trinnområde to og to, i 2. og 3. etasje i Barneskulebygget. Det vert tilgang til fleire klasserom og grupperom i kvart heimeområde. Kvart årstrinn får eigne desentraliserte garderobar og toalett.

Mellomsteget (utan 5. trinn)

Elevane på 6. og 7. trinn får trinnområde i 2. og 3. etasje i Realskulebygget. Med sin sentrale plassering midt i skuleanlegget får elevane på mellomsteget kort veg når dei skal ha undervisning i praktisk estetiske fag. Spesialiserte læringsareal vil delvis verte lokalisert i same bygg, og dels i ungdomsskulebygget. Begge trinnområda får desentraliserte garderobar med toalett i nybygget, ved inngangen til arealet. Eit ekstra undervisningsareal/klasserom vert gjort tilgjengeleg i 3. etasje. Dette for at skulen skal ha noko fleksibilitet i skuleår med ekstra stort årskull.

Ungdomssteget (8.-10.trinn)

Alle årstrinna på ungdomssteget får trinnområde i Ungdomsskulebygget. Eit årstrinn i 1. etasje og to trinn i 2. etasje. Alle trinnområda vil ha tilgang til klasserom og tilhøyrande grupperom. Trinna vil få desentraliserte garderobar med toalett.

Frå trinnområda vil det vere kort avstand til dei spesialiserte læringsareala som vert nytta i dei praktisk estetiske faga. Det vert lagt opp til at ordninga med kroppsøving for ungdomsskulen i idrettshallen vil halde fram som i dag.

4.2.2 Skulefritidsordning (SFO)

SFO vil få base i 1. etasje av Barneskulebygget, i enden mot ny vestibyle. SFO vil og kunne nytte sjølve vestibyleområdet, musikkavdelinga og trinnområda for dei lågaste trinna. Elevane vil i stor grad kunne nytte dei same garderobane og toaletta på SFO og i skulen.

Frå SFO-basen og vestibylen vert det lett tilgang til og frå uteområdet. Ein slik sentral plassering gjer også hente- og bringesituasjonen for føresette lettvent.

Gymsalen bør nyttast mykje av SFO.

4.2.3 Spesialisert læringsareal

Dei spesialiserte læringsareala nyttast i hovudsak av elevane på mellom- og ungdomssteget. Det er difor viktig at dei spesialiserte læringsareala ligg i nærleiken av trinnområda (klasseromma) for dei eldste årsstega slik at minst mogleg tid går med til å flytte på seg mellom areala.

Areal for mat og helse (skulekjøken)

Skulekjøkenet flyttast frå dagens lokalar i Ungdomsskulebygg til ei meir sentral plassering i Realfagbygget. Dette vil gje plass til eit større trinnområde i ungdomsskulebygget, samstundes som skulekjøkenet blir lettare tilgjengeleg for elevane på mellomsteget.

Spesialisert areal for musikk

Musikkrom vert etablert i 1. etasje i Realfagbygget, der det i dag er datarom og kontorar for vaktmeister. Her vert det plass til eit undervisningsrom, eit mindre øvingsrom og areal for lagring av

utstyr/instrumentar. I ny vestibyle att med musikkavdelinga vert det areal/rom for musikalske framføringar og liknande. Det vert lagt opp til sambruk med kulturskulen av desse areala.

Spesialisert areal for kunst og handverk

Avdeling for kunst og handverk får i hovudsak same plassering som i dag, i første etasje i Ungdomsskulebygget. Her er det lett å kome til med levering av utstyr og materiell til avdelinga. Areal for keramikk, male og myke materialar vert flytta til vestsida av bygget for å få ei betre arealutnytting.

Spesialisert areal for naturfag

Naturfagsalen flyttast frå dagens plassering til motsett ende i Realfagbygget. Dette for å få ei betre generell arealutnytting for trinnareala på mellomsteget og for funksjonalitet i bygget Naturfagareala kjem nærare trinnareala for ungdomsskulen, og får lettare tilgang for ungdomsskulen.

Spesialisert areal for kroppsøving

Gymnastikksalen att med symjehallen vert rehabilitert og barneskulen får undervisning i kroppsøving her. Gymsalen vert og oppgradert slik at den også kan fungere som kultursal på ettermiddags- og kveldstid. Den gamle gymnastikksalen i enden av barneskulebygget vert fasa ut. Elevane på ungdomsskulen vil halde fram med å ha kroppsøving i idrettshallen.

4.2.4 Andre fellesfunksjonar

Vestibyle, vrimleareal

Det vert lagt opp til at skulen får to vestibyleområde. Dagens vestibyle ved Ungdomsskulebygget vert utvida slik at den i framtida og kan nyttast som kantineområde. Området kan nyttast av både elevar og tilsette i løpet av skuledagen, medan brukarar av gymsal og symjehall på ettermiddagstid kan nytte vestibylearealet utanom skuletid.

I nybygget mellom Realfagsbygget og Barneskulebygget kommer det ei ny vestibyle. Plasseringa mellom desse bygga gjer at arealet her vil vere særleg lett tilgjengeleg for barnetrinnet. Vestibylen får eit vrimleareal som er tenkt nytta i sambruk mellom skule, kulturskule, SFO og skulebibliotek. Det er også tenkt inn ein «læringstrapp» i dette vestibylearealet, slik at større og mindre elevgrupper kan samlast her for framføringar, fellesundervisning, førestillingar og anna.

Skulebibliotek


Skulebiblioteket vert etablert i eit avgrensa område i den nye vestibylen ved Barneskulebygget. Det vert lagt opp til sambruk av gruppebord, sofakrok o.a. møblement i vestibylearealet, medan sjølve boksamlinga kan opnast og lukkast etter behov.

Kantine

Vestibylearealet ved ungdomsskulen vert utvida og teke i bruk som kantineområde for ungdomsskulen. Eit lite kjøken som kan betene kantina vert etablert i tilknytning til dette arealet. Skulekjøkenet vil liggje att med kantineområdet, i 2. etasje. Det vert difor ikkje lang veg å transportere mat frå skulekjøkenet til kantina dersom det vert aktuelt.

Auditorium

Skulen sitt eksisterande auditorium i underetasjen på Ungdomsskulebygget vert rehabilitert og vidareført som auditorium.



09: 3d illustrasjon av volum for nytt bygg (blå farge) og eksisterande bygg (grå farge)

4.2.5 Personal- og administrasjonsareal

Personal- og administrasjonsareal vert samla i nybygg mellom Barneskulebygget og Realfagsbygget. Eit alternativ med desentraliserte lærararbeidsplassar har vore vurdert. Ei slik løysning vil føre til at fleire trinnområde vert delt over to etasjar eller over to hovudbygg, og dette er ikkje ønskeleg.

Lærararbeidsplassane vert organisert trinnvis, og så langt som råd i nærleiken av trinnområda dei underviser i. Møterom, toalett og personalgarderobar, pauserom og andre støttefunksjonar vert etablert i same bygg.

Administrasjonen med støttefunksjonar, helsetenesta og PPT vil og ha kontorar i det same bygget.

4.2.6 Uteareal

Utearealet vil i hovudsak bestå av to område, eit framføre skulebygga og eit på baksida. Området på baksida vil vere lettast tilgjengeleg for dei yngste elevane og arealet her bør difor leggjast til rette særleg med tanke på aktivitetar og leik for desse elevane.

På sama måte vil området på framsida av skulen vere lettast tilgjengeleg for dei eldste elevane, og området bør difor organiserast og leggjast til rette for mellomtrinn og ungdomstrinn.


Utforminga skal fremje leik og motorisk utvikling, stimulere til eigenaktivitet, men også til organiserte aktivitetar mellom anna i undervisninga. Alle elever må kunne nytte utearealet.



10: Foto frå eksisterande Dale BU akebakke i nordlige del av tomta

Ved ei framtidig utviding av elevkapasiteten ved DBU, vil det vere nødvendig med tilgang til eit større uteområde enn det skulen disponerer i dag. Dei mest nærliggande tiltaka som kan gjennomførast i denne samanheng er å rive dei to kommunale bygga på baksida av Barneskulebygget. Samtidig bør vegen inn til skulegarden, på framsida av Barneskulebygget, stengast av for trafikk slik at området her kan gjerast om til leike- og aktivitetsareal. Parkeringsplassen heilt sør på skuleplassen mot Lauvgardsvegen bør og gjerast om til aktivitetsareal for elevane.

Samla vil desse tiltaka føre til ei utviding av uteområdet med omkring 2800m². Ei slik utviding vil ikkje vere tilstrekkeleg i høve til anbefalt arealnorm. Andre tiltak som kan sikre skulen permanent tilgang til uteareal må difor vurderast. I retning vest stenger jernbaneskiner for ei mogleg utviding. I retning aust stenger bratte fjell for mogleg utviding. Ei utviding kan vere mogleg rundt skulegarden i sør, og/eller mot skogområdet på haugen langs Dalseidvegen på baksida av skulen.



11: Figur 200 m radius frå skuletomta

4.2.7 Tilleggsfunksjonar

Areal for andre tenestetilbod

I oppgåveskildringa frå Vaksdal kommune heiter det seg at det i den nye sentralskulen skal vere plass til følgjande tenestetilbod:

- Ppt, helsestasjon, kulturskule, bibliotek, konsertsal for inn til 120 personar

I møte med Vaksdal kommune tysdag 3. februar 2015, kom det fram at det ikkje er eit absolutt krav at alle dei over nemnte tenestetilboda skal ha plass i den nye sentralskulen. Det er likevel eit klart ønskje om at flest mogleg av desse funksjonane vert samla her.

Ppt (pedagogisk psykologisk teneste)

Ppt får lokale i det nye personal- og administrasjonsbygget, mellom Barneskulen og Realfagbygget. Avdelinga vert planlagt med kontorar og møterom. Andre funksjonar som til dømes resepsjon, pauserom, garderober og toalett blir felles med skulen.

Vi har arbeida utifrå eit berekna areal på 30 m² til PPT

Helsestasjon

Helsestasjonen får også lokale i det nye personal- og administrasjonsbygget. Helsestasjonen får kontor til helsesøster og lege, venterom og toalett. Andre funksjonar som pauserom, garderobe og toalett for tilsette blir felles med skulen.

Vi har arbeida utifrå eit berekna areal på 30 m² til helsestasjon

Kulturskule

Lokalar for Kulturskulen vert i hovudsak basert på sambruk med skulen. I tilknytning til musikkavdelinga i 1. etasje får kulturskulen i tillegg lagerplass og øvingsrom. Gymsal og ny vestibyle vil kunne nyttast til mellom anna framføringar og førestillingar.


Lærarar i kulturskulen vil få arbeidsplassar i personal- og administrasjonsavdelinga.

Konsertsal for inntil 120 personar


Det vil ikkje vere plass til eigen konsertsal innanfor eksisterande bygningsmasse ved Dale BU. Mangelfullt uteareal gjer at nybygg heller ikkje vil vere ei løysning. Vi ser derfor for oss ein sambruksløysning der gymsalen også skal kunne nyttast som konsertsal. Gymsalen har ein stor scene, og det er plass til førebuingssrom og artistgarderobe på baksida av scenen. Lokaliseringa er god i høve til tilkomst, både for publikum og aktørar. Vestibylen og ny kantine att med gymsalen er også godt egna som «mingleområde» når salen vert nytta i samband med kulturarrangementer.

Bibliotek


Det vil ikkje vere mogleg å setje av areal for folkebibliotek innanfor eksisterande bygningsmasse ved Dale BU. Mangelfullt uteareal gjer at nybygg heller ikkje vil vere ein løysning. Vaksdal kommune må difor finne ein annan lokalisering for folkebiblioteket.



12: Illustrasjon plassering vrimeareal




13: Illustrasjon 1.etasje



14: Illustrasjon 2.etasje




15: Illustrasjon 3.etasje



16: Illustrasjon U.etasje

5 Ny kombinert barne- og ungdomskule på ny tomt i Dale

5.1 TOMT



17: Foto av ny tomt tatt frå industribygg nord for tomta

Alternativ 2 for K 600 skule er på ein ny tomt beståande av eigedomene 22/679 og 22/710. Tomta ligg delvis sentralt i Dale, nede ved Dalelva og har gangavstand til BKK hallen. Tomtane utgjør til saman eit areal på omkring 13700 m²

Ei plassering av ei skule nært er utfordrande. Vann er et attraktivt element ifht. barnas leik og lære. Det kan invitere til aktivitet og vatnet i elva kan reflektere lys der det elles er skygge. Elven har og nokon utfordringar knytt til klimatiske tilhøve og tryggleik.

Vind følgjer elven og skuletomta ved elva kan være særlig eksponert for kald luft. Drag med kaldluft følgjer vanlegvis flomsoner og gir kaldluftsoner et stykke innanfor elvebredda. Det er utarbeidet flomrapport for området. Vurderingar og eventuelt tiltak i høve til flomsikring eller demping av kuledrag bør vektleggast i ei eventuelt vidare detaljering av skuletomten.

E16 passerer like ved skuletomta og utgjør en potensiell støykjelde. Tomten har ei naturleg skjerming mot vegen ved at den ligg på eit lågare nivå i landskapet. Elva vil også vere ei potensiell støykjelde. Tilhøve knytt til støyproblematikk bør vurderast vidare av akustikar i ei eventuelt detaljering av ny skule her.

Det bør vurderast å avsette areal langs elva for å sikre mogligheit for en samanhengande gangforbindelse langs elva. Det vil også vere nødvendig å vurdere behov for eventuelle tryggingstiltak mellom uteopphaldsareal for skulen og elva. Dette bør vektleggjas spesielt i høve til dei soner der dei minste barna oppheld seg.

Det vert antatt at kaldluftsdrenasje frå fjellssidene er ei utfordring ettersom tomta er omkransa av høge fjell.

Vi har fått opplyst av Vaksdal kommune at kommunen eige tomt 22/710. Tomta har vore avsett til idrett og kulturformål. I gjeldande reguleringsplan for tomt 22/679 er tomta regulert til industriformål. Tomtene må regulerast om dersom dei skal nyttast til framtidig skuletomt.




18: Foto av ny tomt tatt frå industribygg nord for tomta

5.1.1 Solstudiar




haust kl. 09.00




haust kl. 12.00



haust kl. 16.00



Det er ikkje direkte sollys på tomta midt på vinteren



juni kl. 09.00



juni kl. 12.00



juni kl. 16.00

19: Illustrasjon solstudiar


5.2 KONSEPT FOR NYTT SKULEBYGG

Nybygget er plassert slik på tomta at det ikkje skal gje skygge til dei gode uteareal i skuletida. Vi ønskjer at uteareal for elevane skal vera bilfrie. Bygningen ligg med ein klar framside for elevane med direkte inngang til trinnareal frå uteareal sørøst på tomta. Bygningen skal funger som eit

skilje mellom bilfriside ut mot uteareal og bilsida ved tilkomstveg i nordaust. Området nordaust har avsett areal for parkering, varelevering og avsetningsplass for skuleskyss.

Parkeringsareal vert lagt til «baksida av bygget for å skilje parkeiring og uteanlegg. Parkering ligg tett på hovudinngang. 1. og 2. trinn har trinnareala sine med direkte inngang frå skuleplassen.


Bygningsvolumet ligg vinkla for å vera med på dele opp skuleområdet for dei ulike aldersgruppene ved skulen.




Volumet er delt i en sentral del i midten med alle felles funksjonar og vrimeleareal. Administrasjon ligger sentralt i 1 etasje. Lærararbeidsplassar er lagt i same sone men i etasjane over. Over trinnareal til 1. og 2. trinn ligg 3. og 4 trinn med egne garderobar. 3. etasje er 5., 6. og 7. trinn plassert.

Barneskuletrinn er samla i ein fløy av det nye bygget. Felles trapperom mellom garderobane i dei ulike plane samt trapper og heis sentralt i bygget skal gi og kommunikasjon for barneskulen i anlegget. Lærararbeidsplassar ligger samla men nært fleire av trinnareala.


I etasje er kunst og handverk med utgant til overbygga uteareal. 1 etasje har og areal for 8. klasse i etasjane over er spesial areal musikk.




20: Illustrasjon 1.etasje



21: Illustrasjon 2.etasje



22: Illustrasjon 3. etasje



23: Illustrasjon 1. etasje

5.2.1 **Generelle læringsareal, - trinnområda**

Alle årstrinna på barnesteget får sine trinnområde i fløya som strekker seg frå vestibylen og nordover mot fabrikkbygget. Trinnområda kan utformast med klasserom og/eller undervisningsrom i ulike størrelsar, og med moglegheit til å opne opp eller stengje av mot et større samlingsrom for trinnet.

1. og 2. trinn får trinnområde på bakkenivå i 1. etasje. Dei får eigne inngangsparti med direkte tilgang til garderober og toalett. SFO vil ha baseareal i same tilknytning til trinnområda for dei yngste elevane slik at sambruk av areala er lett å organisere. Elevane kan nytte same garderober og toalett i skule og SFO.

Trinnområda for 3. og 4. trinn blir lokalisert i etasjen over. Dei får tilkomst via trapp til eigne garderober og toalett. Frå garderober kjem dei rett inn i trinnområdet. Skulebiblioteket blir næraste nabo for desse trinna.

I tredje etasje av denne fløya, vil elevane på mellomtrinnet (5.-7.trinn) få sine trinnområde. Dei får tilkomst via trapp til eigne garderober og toalett. Frå garderober kjem dei rett inn i trinnområdet.

Elevane på ungdomsteget får sine trinnområde i sørenden av skulebygget. To trinnområde vert lokalisert i toppetasjen, medan eit trinnområde vert å finne i 2. etasje. Alle trinnområda får tilkomst via trapp og desentraliserte garderober. Trinnområda kan utformast med klasserom og/eller undervisningsrom i ulike størrelsar, og med moglegheit til å opne opp eller stengje av mot eit større samlingsrom for trinnet.

Dei spesialiserte læringsareala vert og å finne i sør-fløya, slik at det vert kort avstand mellom dei ulike undervisningsareala som vert nytta av ungdomstrinna.

5.2.2 **Skulefritidsordning (SFO)**

SFO-basen vert lokalisert i tilknytning til trinnareala for 1. og 2. trinn. Elevar på 3. og 4. trinn er og brukarar av SFO-tilbodet, og deira trinnområde ligg i etasjen over SFO-basen. I kjernetida til SFO vil det vere aktuelt å nytte delar av trinnområda til heile småskulesteget til SFO-aktivitetar.

SFO-basen ligg og i tilknytning til vestibylen, og vidare til spesialiserte læringsareal for musikk. Desse areala vil også vere viktig for aktivitetane i SFO.

Plassering av SFO-basen i 1.etasje sikrar lett tilgang til uteområdet. Arealet utanfor basen må leggjast til rette særleg med tanke på leik og aktivitetar for dei yngste elevane.

Måltida på SFO vil elevane kunne innta i kantinen.

5.2.3 **Spesialiserte læringsareal**

Dei spesialiserte læringsareala nyttast i hovudsak av elevane på mellom- og ungdomsteget. Det er difor viktig at dei spesialiserte læringsareala ligg i nærleiken av trinnområda (klasseromma) for dei eldste årsstega slik at minst mogleg tid går med til å flytte på seg mellom areala. Det er viktig å unngå unødig trafikk i skuleanlegget då dette ofte medfører støy og andre formar for uro.

Dei spesialiserte læringsareala er i stor grad lett tilgjengeleg frå fellesareala midt i skulebygget. Det gjer at areala er lett tilgjengelege frå SFO-basen etter undervisningstid.

Areal for mat og helse (skulekjøken)

Skulekjøkenet får ei sentral plassering i andre etasje, med direkte tilgang til og frå kantinearealet over vestibylen. Om ønskjeleg kan arealet delast opp med eigen ete-sone som kan knytast til

fellesareal. Dette kan gjere arealet meir fleksibelt i høve til sambruk. Kantina vil få eit eige kjøken i nærleiken av skulekjøkenet.

Naturfag.

Spesialisert areal for undervisning i naturfag vert etablert med eit undervisningsrom og eit mindre førebungsrom. Naturfagsalen vert og plassert i andre etasje att med trinnområdet for 8.trinn.

Areal for kunst og handverk

Spesialisert areal for kunst og handverk vil bestå av tre verkstader. Ein grovverkstad berekna for tresløyd og likande, ein verkstad for arbeid med tekstilmateriale og teikne/male, og eit mindre verkstadrom for leire/keramikk. I tilknytning til verkstadane vert det lagerrom, og spesialiserte areal for til dømes spesialverktøy og male/lakkarbeid.

Kunst og handverksavdelinga vert lokalisert i sørenden av 1. etasje. Ein slik plassering sikrar lett tilkomst for varelevering til avdelinga.

Areal for musikk

Spesialisert areal for musikk får ein sentral plassering i andre etasje, med direkte tilgang til og frå vestibylen. Det vert lagt opp til sambruk med kulturskulen av desse areala. SFO vil og ha lett tilgang frå SFO-basen til musikkavdelinga.

Areal for kroppsøving

Alle undervisning i kroppsøving som skal gå føre seg innandørs, vert lagt til Dale idrettshall. Denne ligg omkring 300m i gangavstand frå det nye skulebygget. Skulen sitt uteområde skal og opparbeidast slik at deler av undervisninga i kroppsøving kan gå føre seg der.

5.2.4 Andre fellesfunksjonar

Vestibyle, vrimleareal

Sentralt plassert i bygget, i første etasje ved hovudinngangen, får skulen eit vestibyle/vrimleareal med amfi for ulike større og mindre samlingar. SFO og Musikkavdelinga blir næraste naboar, og tanken er at begge desse avdelingane skal kunne opne seg og nytte vrimlearealet aktivt i si verksemd. For musikkavdelinga og kulturskulen vil amfi og scene kunne nyttast til framføringar av ulike slag. SFO vil kunne nytte vrimlearealet i ulike samanhengar, men særleg vil det vere gunstig at mellom anna henting og levering går føre deg her.

Med amfiet opnar vestibyleområdet seg opp mot 2. etasje og kantineområdet. Dette gjer at heile fellesarealet kan nyttast som heilheit når det er ønskjeleg.

Kantine

Kantineområdet vert lokalisert i fellesarealet i 2. etasje, mellom dei to hovudfløyene, og med open løysning ned mot vestibylen. Eit kantinekjøken vert etablert i tilknytning til kantina.

Skulebibliotek

Skulebiblioteket får areal i 2. etasje, med inngang frå fellesarealet. Det vil vere gunstig å dele biblioteket opp i to avdelingar, der den eine avdelinga kan låsast av utanom opningstida. Dette gjer at biblioteket kan opnast opp og utvide arealet mot fellesområdet i opningstida, og fellesarealet vert noko større ved å nytte delar av biblioteket etter at det er stengt av.

Med si sentrale plassering i skulebygget er biblioteket lett tilgjengeleg frå alle trinnområda og SFO.

Auditorium

Skulen får eit auditorium i underetasjen, med tilkomst via heis og trapp frå vestibyleområdet.

Auditoriet får ein sentral plassering midt i skulebygget, og vert difor lett tilgjengeleg for brukarane.

5.2.5 Personal- og administrasjonsareal

Administrasjon og skuleleiing får kontorar, møterom og støtteareal sentralt plassert i ein eigen avdeling sør for hovudinngangen. Dette gjer at avdelinga vert lett tilgjengeleg for alle brukargrupper og for besøkande. Ppt og helsestasjon får kontorar i ei avgrensa del av det same området.

Personalrom og personalgraderobar vert lokalisert i etasjen over administrasjonen. Nokon lærarar får sine arbeidsplassar i tilknytning til dette arealet. Dei fleste lærarane vil få sine arbeidsplassar i etasjen over. I tilknytning til arbeidsromma vert det og støtteareal som til dømes møterom, nærlager og kopirom.

5.2.6 Uteareal

Opgitt bruttoareal for skuletomten er 13.690m². Avtrykk frå skulebygget og trafikkareal på framsida må trekkjast frå dette arealet, slik at resterande tilgjengeleg uteareal dermed vert omkring 11.300m².

Skulen får i tillegg tilgang til eit parkområde som ligg på baksida av fabrikkbygget. Avstanden er ikkje lengre enn at dette arealet i tråd med anbefalingar frå helsedirektoratet kan reknast som del av skulen sitt tilgjengelege uteareal. Dette området er på omkring 4500m². Samla får skulen et tilgjengeleg uteareal på omkring 15800m². Helsedirektoratets anbefaling er 22.500m² for skular dimensjonert for 600 elevar.

Utforminga av utearealet skal fremje leik og motorisk utvikling, stimulere til eigenaktivitet, men også til organiserte aktiviteter mellom anna i undervisninga. Alle elevar må kunne nytte utearealet.



24: Figur 200 m radius frå skuletomta

5.2.7 **Tilleggsfunksjonar**

Ppt (pedagogisk psykologisk teneste)

Ppt får kontorar i eit avgrensa område i administrasjonsarealet. Støttefunksjonar kan vurderast opp mot sambruk med skuleleinga, eller ein kan etablere eigne mindre møterom til kvar funksjon. Andre funksjonar som pauserom, garderober og toalett for tilsette blir felles med skulen.

Helsestasjon

Helsestasjonen får også lokale i tilknytning til administrasjonsavdelinga. Helsestasjonen får kontor til helsesøster og lege, eit venterom og toalett. Andre funksjonar som pauserom, garderober og toalett for tilsette blir felles med skulen.

Kulturskule

Lokalar for Kulturskulen vert i hovudsak basert på sambruk med skulen. I tilknytning til musikkavdelinga i 1. etasje får kulturskulen i tillegg lagerplass og øvingsrom. Amfi med scene i vestibylen vil kunne nyttast til mellom anna framføringar og førestillingar. Lærarar i kulturskulen vil få arbeidsplassar i personal- og administrasjonsavdelinga.

Konsertsal for inntil 120 personar

Auditorium i underetasjen vil og kunne nyttast som konsertsal. Plasseringa sentralt i skulebygget gjev lett tilgang for publikum frå hovudinngangen, og vestibyleområdet vil vere vel egna som mingleområde før og etter arrangement i konsertsalen.

Folkebibliotek

Som følgjer av mangelfullt uteareal vil ikkje vere mogleg å setje av areal for folkebibliotek innanfor det nye skulebygget. Vaksdal kommune må difor finne ein annan lokalisering for folkebiblioteket.

6 Tilstandsvurdering og kostnader

6.1 TILSTANDSVURDERING

Norconsult har utarbeida ein tilstandsvurdering for Dale BU som ettersendas onsdag 22.04.2015.

Tilstandsvurderinga av Dale barne og ungdomskule avdekkar ei svært dårlig tilstand på alle dei eksisterande bygg. I eit moglegheitsstudie med ein ny sentral plassert K600 skule og bruk av eksisterande areal på tomten, må ein rekne med kraftig ombygging og opprusting av dei fleste eksisterande areal.

Moglegheitsstudiet som nyttegjør eksisterande bygg må sjåast i samanheng med tilstandsarbeidet og dei konklusjonar som vert gjort der.

Fullstendig tilstandsvurdering er lagt med som vedlegg til denne rapporten og vert ettersendt.

6.2 KOSTNAD

Det er utarbeida grovkalkyle for dei to alternativa for ein felles skule i Dale.

Cahof/ 2015-04-14



KALKYLE K 600 Dale BU			
Kostnadsanslag alternativ 1	m²	kr pr m²	Prosjektkostnad (NOK)
Rivekostnader* gymbygg ved barneskule	320	1 474	471 629
Oppussing/ lett ombygging svømmehall	1 068	10 000	10 680 000
Tung ombygging barne og ungdomskule m gymsal	6845	25 000	171 125 000
Nybygg***	1600	28 494	45 590 400
Utendørs****	11998	1 090	13 077 820
Brakkerigg***** i anleggsfasen			3 600 000
Sum Prosjektkostnad			240 944 849

Kostnadsanslag alternativ 2	m²	kr pr m²	Prosjektkostnad (NOK)
Nybygg*** barneskuledel	2 765	28 494	78 785 910
Nybygg** ungdomskoledel	3 915	30 260	118 467 900
Utendørs****	11 960	1 090	13 036 400
Sum Prosjektkostnad			210 290 210

Tilleggskostnadar alternativ 2	m²	kr pr m²	Prosjektkostnad (NOK)
Rivekostnader* delar av eksisterande skule	3 786	1 474	5 579 958
Tung ombygging flerfunksjoner	3 290	25 000	82 240 000
Oppussing/ lett ombygging svømmehall	1 068	10 000	10 680 000
Sum Prosjektkostnad			98 499 958

Prosjektkostnad inkluderer alle tiltak i prosjektet utenom løst inventar, samt evt. tomtekjøp.

Kostnader baserer seg på erfaringspriser og statistiske kostnader fra Norsk Prisbok 2015

Følgende sider i Norsk prisbok er benyttet:

* Riving

Side D-016 - Riving, forberedende arbeider

** Nybygg Ungdomskule

Side B-103 - Ungdomsskole, 4 etasjer

***Nybygg barneskule

Side B-103 - Barneskule, 3 etasjer

****Utendørs

Side B-136 - Utendørs skolebygning

****Brakkerigg

Utgangspunkt 150 000,- kr leie i mnd. i en anleggsperiode på 2 år

Prosjektkostnad inkluderer MVA, alle tiltak i prosjektet utenom løst inventar og evt. tomtekjøp.

25: Illustrasjon 1.etasje

6.2.1 Alternativ 1.

Ein gjennomgang av eksisterande volum avdekker at ein gjennom tyngre ombygging kan nyttehøve store delar av eksisterande skule over i ein ny K 600-skule. Areal med gode dagslysforhold og med ein god romstorleik og plassering kan fungera godt som opplæringsareal. Areal i kjeller i ungdomskulebygget utan dagslys, kan vanskelig nyttehøves til anna en tekniske rom, garderobar og lager. Ein vil i eksisterande bygningsmasse måtte vedlikehalde og drifte store areal som er lite funksjonelle. Dette gir utslag i kalkylen.

I vår kalkyle legg me til grunn ein tung utbygging (Ombygging klasse 3) av skulebygget. Dette inneber mellom anna riving av himling, vegger, golvbelegg, elektrisk, varme, ventilasjon og sanitær og ny rominndeling med nye overflater og nye tekniske anlegg.

For kalkylen over alternativ 1 har vi tatt med rivekostnader for gymbygget ved barneskulen, og leiekostnader ved ein evt. brakkerigg i ombyggingsperioden. Vi har tatt med ein estimer ombyggingsperiode over en 2 årsperiode.

6.2.2 Alternativ 2

Arealet for nybygget i alternativ 2 er i kalkylen fordelt etter areal i ungdomskuledel med spesialrom og barneskuledelen. I kalkylen er det ikkje tatt med eventuelle kostnader i forbindelse med tomtekjøp og omregulering.

I kalkylen har vi lagt til ein tilleggskostnad for eksisterande skuleanlegg. Ved ein eventuell ny skule på ny tomt foreslår vi at barneskulebygg med gymsal og realskulebygget vert reve. Delar av skuletomten kan skiljas ut og eventuelt seljast.

Ungdomskulebygg med gymsal er kalkulert med ein tyngre ombygging. Me ser for oss at areal her kan vera gode for andre kommunale føremål. Til dømes folkebibliotek og barnehag.

Symjehallen ser me for oss hovudsakleg ein oppussing / lett ombygging. Dette er tatt med som eiga post i kalkylen og er lik i både alternativa. Kategorien oppussing/ lett ombygging innebærer at lokalane brukes hovudsakelig som i dag. Små omgjeringar, reparering og tilpassing himling og golv, nødvendige utskiftingar, nokon tilpassing av vvs- og el-anlegg.

7 Oppsummering

I dette moglegheitsstudiet har vi sett på to ulike alternativ for etablering av ein felles skule på Dale for alle elevane på 1.-10. trinn i Vaksdal kommune. Med grunnlag i folkeframskrivingstal frå Statistisk sentralbyrå (SSB) pr. februar 2015, har vi lagt til grunn at ein framtidig fellesskule i Vaksdal kommune må ha kapasitet til å ta i mot opp mot 600 elevar.

Tomt og uteareal

Gjennomførte solstudiar viser at eksisterande skuletomt egner seg betre enn ny tomt nede ved elva. I løpet av skuledagen vil det vere mest sol på eksisterande tomt.

Ei sentral plassering i Dale sentrum gjer skulen attraktiv med tanke på sambruk for lokalmiljøet, også utanom skuletida.

Tilrådingar frå Helsedirektoratet tilseier at nye skular med elevtal rundt 600 må ha eit tilgjengeleg uteareal på omkring 22.500m². Uteareal ved dei to alternative tomtene i Dale er vesentleg mindre enn anbefalinga og ein må difor sjå på omliggande areal for ei mogleg utviding.

Kostnader

Ein samanlikning av dei to alternativa viser at det ikkje er store skilnader i høve til kostnadar for gjennomføring. Dette skuldast at tilstanden på dei eksisterande bygga vert vurdert som dårleg, og omfattande utbetringar må påreknast for å setje anlegget i tilfredsstillande teknisk stand.

I tillegg vil det vere nødvendig med omfattande ombygging og tilpassing for at skulebygget skal få ei tilnærma tidsriktig utforming.

Pedagogisk funksjonalitet

Ein rehabilitering og ombygging av eksisterande skuleanlegg i tråd med moglegheitsstudiet vil føre til eit vesentleg betre skuleanlegg sett i eit pedagogisk perspektiv. Dei ulike funksjonane vert ført meir saman enn i dag og dette gjer at dei vert lettare å ta i bruk og utnytte i undervisninga. Trinnområda vert samla og gode støtteareal vert gjort tilgjengeleg. Trinna får eigne desentraliserte garderober og toalett. Skuleanlegget vil kunne tilby fleire tilleggsfunksjonar, noko som vil bidra til eit breiare tilbod for brukarane og ein meir open skule.

På ein annan side vil det vere slik at føringar i dei eksisterande bygga påverkar dei framtidige moglegheitene og løysingane for skuleanlegget. Utforming av dei enkelte rom, av trinnområda,

avstandar mellom ulike rom og avdelingar må ta omsyn til føringane som ligg i dei eksisterande bygga. Dette gjer og at store areal i eksisterande bygg ikkje let seg utnytte i ny løysning. Underetasjen på ungdomsskulebygget er døme på slike areal. Areala her let seg vanskeleg nytte til anna enn lager, tekniske rom og til drift.

Det nye skulebygget på ny tomt kan planleggjast på ein heilt annan måte. Her vil det vere mogleg å få til gode, funksjonelle, fleksible og framtidsretta løysningar. Her vil ein få eit langt meir kompakt bygg, i betyding korte avstandar mellom dei ulike funksjonane. Skuleanlegget vil få plass til fleire tilleggsfunksjonar som vil kome både skulen og nærmiljøet til gode. Arealutnyttinga vil bli langt betre i eit nytt skuleanlegg enn i det eksisterande bygget.

Moglegheitsstudiane har vist at alternativ 1 er den beste tomt for skuleanlegg, medan sjølv skulebygget i alternativ 2 vert mest funksjonelt, framtidsretta, fleksibelt og kostnadseffektivt.

8 Vedlegg

- Tilstandsrapport for Dale BU utført av Norconsult AS
- Beskriving Dale BU utført av Norconsult AS

Vaksdal kommune

Dale barne- og ungdomsskule

Beskriving av dagens skuleanlegg

2015-04-07 Oppdragsnr.:5150543



Innhold

1	Innleiing	3
2	Dale Barne- og ungdomsskule	4
2.1	Beskriving eksisterande situasjon	4
2.1.1	Generelt læringsareal	5
2.1.2	Elevtoalett og garderober	5
2.1.3	Fellesareal	6
2.1.4	Spesialiserte læringsareal	6
2.1.5	Personale og administrasjonsareal	7
2.1.6	Toalett og garderober for tilsette	7
2.1.7	Anna areal - sambruk	7
2.1.8	Uteareal	8
2.2	Elevkapasitet	8
2.2.1	Klasseromkapasitet	9
2.2.2	Kapasitet ut frå netto generelt læringsareal	9
2.2.3	Spesialisert læringsareal	9
2.2.4	Uteområdet	9
2.2.5	Oppsummering elevkapasitet	10
2.3	oppsummering	10

Rev.	Dato:	Beskriving	Utarbeida	Fagkontroll	Godkjent
	2015-04-17	Beskriving av dagens skuleanlegg, Dale BU	EsLSt	DL	AnKBo

Dette dokumentet er utarbeidet av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandler. Opphavsretten tilhører Norconsult. Dokumentet må bare benyttes til det formål som oppdragsavtalen beskriver, og må ikke kopieres eller gjøres tilgjengelig på annen måte eller i større utstrekning enn formålet tilsier.

Click here to enter text. |

1 Innleiing

Norconsult er blitt beden om å dokumentere tilstand, trong for vedlikehald samt opprusting av skular og barnehagar i Vaksdal kommune. I tillegg skal 3 hovudalternativ for framtidig skulestruktur utgreiast.

Alternativ 0 – opprusting av eksisterande bygg til tilfredsstillande kvalitet.

Alternativ 1 – opprusting og utviding av Dale barne og ungdomsskule.

Alternativ 2 – ny kombinert barne- og ungdomsskule på ny tomt i Dale.

I alternativ 0 vert alle dei eksisterande bygga i barnehagane og skulane gjennomgått og kartlagt teknisk og bruksmessig ut frå dei tekniske faga. Av denne delen vil det gå fram kva tiltak som må setjast inn for å få bygga sett i tilfredsstillande stand. I alternativ 0 vert det ikkje gjort pedagogiske vurderingar av bygg og funksjonalitet.


I alternativ 1 og 2 ser vi på moglegheita for å etablere ein felles skule for heile kommunen, sentralt plassert på Dale. Moglegheitsstudia for alternativ 1 og 2 vert presentert i ein eigen rapport. I samband med moglegheitsstudia har arkitekt og skuleplanleggjar frå Norconsult utarbeidd ein kartlegging av dagens skulebygg og -situasjon ved Dale barne- og ungdomsskule. Denne rapporten vil samene med teknisk rapport (alternativ 0) nyttast som grunnlagsdokument for moglegheitsstudia alternativ 1 og 2.

Kartlegginga er gjort ved mellom anna befarings på skuleanlegget, møte med skuleeigar og rektor, gjennomgang av tilgjengelege teikningar og anna tilgjengeleg talmateriale.

Beskrivinga tek føre seg dei ulike undervisningsareala, areal for garderober og toalett, areal for personale og administrasjon/leiing og uteareal.

Det er og gjort ei kapasitetsvurdering for dimensjonerande elevtal med utgangspunkt i dagens organisering og fysiske løysningar.

2 Dale Barne- og ungdomsskule



Elevtal: 230	Klassetal: 10	
Pedagogisk tilsette: 26	Tilsette i SFO og assist.: 8	Leing/merkantil: 4
Areal brutto/netto:	Tilgjengeleg uteareal: 7600m ²	

2.1 BESKRIVNING EKSISTERANDE SITUASJON

Dale barne- og ungdomsskule ligg i sentrum av Dale, i Vaksdal kommune. Skulen tek i mot elever frå Dale skulekrins på barneskulestega, og er sentralskule for Vaksdal kommune på ungdomsskulen. På barneskulen er skulen fådelt med 4 klassar, medan ungdomstrinnet har 2 parallellar på 8.-10. trinn.

Skulebygget består i hovudsak av 5 bygningar som henger saman. Barneskulebygget i aust er frå 1937. Realfagbygget er i frå 1953 og ligg midt i anlegget. Symjehall og gymsal frå 1968 er bygget rundt på utsida av realfagbygget, medan Ungdomsskulebygget strekkjer seg i retning sør frå gymsalen.

Tidlegare var barne- og ungdomsskulen to ulike skular, men frå 2004 ble dei slått saman til ein kombinertskule. I 2003-2004 vart det gjennomført noko oppussing av barneskulebygget, symjehall med garderobar og auditorium på ungdomsskulen.

I skulen sitt uteområde ligg det i tillegg to mindre bygg. Det eine disponerast av PPT og barnevernet. Det andre er eit kommunalt bygg med utleigeleilegheiter. Desse to bygga vert ikkje nærare beskrive i dette kapitlet.

2.1.1 Generelt læringsareal

Skulen har i dag 15 klasserom og 16 grupperom fordelt over dei tre undervisningsbygga.

Barneskulen

Dei yngste elevane held til i den eldste bygningen. Organiseringa her er etter tradisjonell klasseromskule, med klasseromma plassert på rekke langs ein side av ein lang korridor. Klasseromma ligg i 2. og 3. etasje og varierer i storleik mellom ca. 50,2 og 55,8m². Det er 8 klasserom i bygget. Tilgangen på grupperom er god, men ikkje alle grupperomma ligg i direkte tilknytning til klasseromma. Eit datarom i 1. etasje nyttast også som støtteareal i undervisninga.



Bileta: Klasserom og grupperom i Barneskulebygget

Realfagbygget

Det er fem klasserom i Realfagbygget. To av desse ligg i 2. etasje og tre i 3. etasje. Eit av romma i 3. etasje nyttast som datarom for ungdomstrinnet. Det er tilgang på fire grupperom i Realfagbygget, men berre to av desse ligg i direkte tilknytning til klasseromma.

Ungdomsskulebygget

Det er to klasserom i Ungdomsskulebygget. Desse ligg på kvar si side av korridoren i 2. etasje. I dette bygget er det også tilgang til eit mediatek/datarom og seks grupperom. Klasseromma er 58,1 og 81,7m².

2.1.2 Elevtoalett og garderobar

I Barneskulebygget har elevane garderobar i korridoren utanfor klasseromma. I 2. etasje er det ein garderobesone utanfor SFO-basen, og ein annan utanfor inngangen til to av klasseromma. I 3. etasje er korridoren gjennomgåande breiare slik at det er god moglegheit til å nytte store deler av arealet til garderobeareal.

Elevtoaletta er samla nede ved hovudinngangen. I tillegg har elevane tilgang til eit HCWC med tilkomst frå korridoren i 2. etasje.

Elevane på ungdomsskulen nyttar i hovudsak elevtoaletta i 1. etasje i Realfagbygget. Desse vart rusta opp i 2013-2014. I tillegg har elevane tilgang til toalett i endene av Ungdomsskulebygget og ved elevkantinen når den er open.

Elevane på ungdomstrinnet har garderobeknaggar til å henge opp yttertøy i korridorane utanfor klasseromma.

2.1.3 Fellesareal

Kantine. Skulen har ein elevkantine i underetasjen i Ungdomsskulebygget. Dei fleste elevane på ungdomstrinnet et lunsj her kvar dag. Kantinearealet ligg under bakkenivå, og har ikkje vinduer.

Datarom. Skulen har 3 datarom der det står oppstilt stasjonære pcar. Det er eit datarom i kvar undervisningsfløy.

Vestibyle. Vestibylen ligg mellom Ungdomsskulebygget og Realfagbygget, og binder desse saman med gymbygget og symjehallen. Vestibylen er ofte opphaldsstad for ungdomsskuleelevar i friminutta.

2.1.4 Spesialiserte læringsareal

Kroppspøving. Skolen har to gymsalar, men det er berre gymsalen i Barneskulebygget som nyttast fast i undervisninga. Ungdomsskulen har i all hovudsak flytta undervisninga til den nye idrettshallen i Dale. Gymsalen ved ungdomsskulebygget nyttast no til fellessamlingar og større informasjonsmøte.

Areal for mat og helse ligg i 2. etasje i Ungdomsskulebygget. Det er 8 kjøkkenstasjonar i rommet, samt ein lærararbeidsplass. Det er ikkje montert avtrekksvifter ved nokon av stasjonane. Ventilasjonen i rommet virker heller ikkje. Rektor opplyser at det berre er mogleg å opne et av vindauga i rommet. Oppgitt areal på teikning er 101,7m². Areal for 2 lagerrom i tilknytning til skulekjøkenet kjem i tillegg.

Midt på golvet står det eit langbord som blant anna vert nytta ved måltida. Langs den eine langveggen står det fleire skap for oppbevaring av matvarer og forskjellig utstyr. I enden av rommet er det tilgang til eit grupperom.

Areal for kunst og handverk ligg i 1. etasje i ungdomsskulebygget. Arealet består av ein tradisjonell sløydsal med tilhøyrande lager og malerom, eit verkstadrom for keramikk- og malararbeid og eit rom for arbeid med myke materialar.

I sløydsalen står det fleire maskinar, i hovudsak sager, som nyttast i undervisninga. Det er montert eit eige anlegg for oppsamling av spon og støv i rommet, men det vert oppgitt at dette ikkje fungerer etter hensikta. I Barneskulebygget er det eit mindre verkstadrom på omkring 54m² som nyttast til undervisninga i kunst og handverk.



Bileta: Areal for kunst og handverk (sløydsal) og gymsal i barneskulebygget (t.h).

Musikk

Undervisning i musikk går føre seg i auditoriet som ligg i underetasjen av Ungdomsskulebygget. Auditoriet ligg under bakkenivå og det er ingen vindauge i rommet.

Skulebibliotek

Skolen nyttar i hovudsak det offentlige biblioteket i Dale, men i Barneskulebygget har skulen eit eige skulebibliotek for 1.-7. trinn. Oppgitt areal for dette biblioteket er 38,7m² (oppgitt på teikning).

SFO-base (skulefritidsordninga)

SFO har base i 2. etasje i Barneskulebygget. Basen består av eit hovudrom og to grupperom. Samla areal er 105,9m². Det er i dag 25 barn som nyttar SFO-tilbodet ved skolen.

2.1.5 Personale og administrasjonsareal

Administrasjon og skuleleiing er lokalisert sentralt i skuleanlegget, i 2. etasje i Realfagbygget. Rektor sitt kontor har direkte tilkomst frå korridor. Vegg i vegg er eit tidlegere klasserom gjort om til kontorarbeidsplassar for to avdelingsleiarar og sekretær. Forkontoret ligg tilbaketrekt frå yttervegg, men innvendige vindauger mellom kontora sikrar at dagslys slepp gjennom til denne arbeidsplassen.

Personalrom

På motsett side av rektors kontor ligg personalrommet. Dette nyttast som pauserom for heile personalet, og som møterom for storsteam/personalmøte.

Arbeidsplassar for lærarane

Lærarane på barnetrinnet har arbeidsplassar fordelt på to arbeidsrom i 1. etasje i Barneskulebygget. Det eine arbeidsrommet har eit oppgitt areal på 54,1 m². Her har fem lærarar sine arbeidsplassar. Det andre arbeidsrommet har eit oppgitt areal på 66,9m². Her har tre lærarar og SFO-leiar sine arbeidsplassar. Mellom arbeidsromma er det eit møterom med oppgitt areal 13,9m².

I tilknytning til arbeidsromma er det laget til eit kopi- og rekvisita rom.

Lærarane på ungdomstrinnet har arbeidsplassar i 1. etasje i Ungdomsskulebygget. Arbeidsplassane er i utgangspunktet organisert trinnavis (Faglærarar underviser gjerne på fleire/alle trinn). Seks lærarar på 8. trinn disponerer tre rom, der det midtarste fungerer som møterom. Lærarane på 9. trinn har eit arbeidsrom med eit oppgitt areal på 34,8m². Her er det åtte arbeidsplasser, men ikkje alle er i bruk.

Lærarane på 10. trinn har eit tilsvarende arbeidsrom. Her har fire lærarar arbeidsplassar. Eit felles kopi- og rekvisitarom ligg i tilknytning til arbeidsromma.

Rådgjever har kontor mellom arbeidsromma for 8. og 10. trinn.

Det er 7 skuleassistentar ved skulen. Desse har tilgang til arbeidsplassar på arbeidsromma nemnt over.

2.1.6 Toalett og garderober for tilsette

Frå korridoren utanfor personalrommet er det tilgang til fleire toalett. Lærarane på barnetrinnet har garderobe i 1. etasje i Barneskulebygget. Der er det tilgang til eit toalett frå garderoben.

Lærarane på ungdomstrinnet har tilgang til garderober og toalett i tilknytning til arbeidsromma.

Tilkomst til personalarealet på ungdomsskulen er via same korridor som vert nytta av elevar som skal til og frå undervisning i kunst og handverk.

2.1.7 Anna areal - sambruk

Gymnastikksalane vert nytta av det lokale idrettslaget på ettermiddags- og kveldstid. Symjehallen fungerer som sentralanlegg for alle skulene i Vaksdal kommune.

2.1.8 Uteareal

Tilgjengelig uteareal for elever i friminutt og pauser er i grove trekk avgrensa til området framfor skulebygga og til området bak Barneskulebygget. Skulen organiserer bruken slik at elevane på barnetrinnet nyttar området bak skulen. Her er det montert enkelte leikeapparat, klatrestativ og ein «mini-ballbinge». Elevane på ungdomsskulen nyttar uteområdet framfor skulen. Her er det ein asfaltert skulegard og ein ballbinge. Ballbingen vert nytta av elevar på både mellomtrinnet og ungdomstrinnet. Samla tilgjengeleg uteområde er omkring 7600m². Området som disponerast av barnetrinnet på baksida utgjør ca. 3300m², medan området framfor skulen er omkring 4300m² (målt på teikning).

Helserådets tilråding for skuler med mellom 100 og 300 elevar er eit samla minimumsareal på ca. 10 000m². (J.f. Veileder til forskrift for miljørettet helsevern i barnehager og skoler).

Varelevering og avfallshenting går i stor grad føre seg ved at varebilar, søppelbilar og andre køyrer inn på skulen sitt uteområde.



Bileta: Ballbinge framfor barneskulebygget (t.v), leikeområde på baksida av skulebygget.

2.2 ELEVKAPASITET

Det ligg ikkje føre egne statlege arealkrav for skuleanlegg, slik som det til dømes gjer for barnehagebygg. Helsedirektoratets rettleiar til forskrift om miljøretta helsevern i barnehagar og skular (Helsedirektoratet 2014) gjev likevel føringar for maksimalt elevtal i undervisningsrom. Her heiter det seg mellom anna at ein må ta omsyn til heile arealet ein klasse eller gruppe disponerer i og rundt klasserommet/basen. Ein skal og ta omsyn til inn klima og aktivitetane som skal gå føre seg i arealet.

Opplæringsloven hadde tidlegare regler for klassestørrelsar, men desse vart oppheva i 2003. Grensen var sett til 28 elevar på barnetrinnet og 30 elevar på ungdomstrinnet. I dag heiter det seg at «Klassene, basisgruppene og gruppene må ikke være større enn det som er pedagogisk og trygghetsmessig forsvarlig» (Opplæringsloven 8-2).

Stortinget vedtok samtidig at

«Klassedelingsstallet skal ligge til grunn som minstenivå for ressurstildeling også etter at bestemmelsen om klassedelingsstallet er opphevet» (Stortingsvedtak 2002/2003, Odelstingsprop.nr.67)

Vurdering av kor mange elevar og kor mange tilsette den enkelte skule har plass til, er i stor grad basert på lokalt skjønn og tar i hovudsak utgangspunkt i det gamle klassedelingsstallet. Samtidig må delingstala (areal pr. elev) vere i samsvar med føringar frå Helsedirektoratet nemnt over.

Det er i dag vanleg praksis at dei gamle klassedelingsstala vert lagt til grunn for berekning av elev- og klassekapasitet.

<http://helsedirektoratet.no/publikasjoner/miljo-og-helse-i-skolen/Publikasjoner/IS-2073-Veileder.pdf>

2.2.1 Klasseromkapasitet

Skulen har til saman 15 klasserom, og desse varierer i størrelse frå 50,4 til 81,7m². Samla klasseromareal er 850m². Dei fleste klasseromma er under 60m² (13 av 15), og dette fører til at elevtalet i klassane vil ligge noko under delingstalet på 28 eller 30 elevar. Åtte av klasseromma ligg i Barneskulebygget, fem i Realfagbygget og to i Ungdomsskolebygget.

Samla klasseromareal svarer til en teoretisk kapasitet på 380 elevar med delingstall 2,14. Med delingstall 2,5 blir kapasiteten 340.

Med dagens fysiske rominndelingar og løysningar, er det naturleg å ta utgangspunkt i at skulen har kapasitet til ein klasse pr. trinn i barneskolen (1-7) og to klasser pr. trinn i ungdomsskolen. Dette vil gje skulen 13 klassar i eit normalår. Med ein slik inndeling vil skulen kunne handtere enkelte år med store barnekull som fører til fleire klassar på enkelte trinn. Svingingar i fødselstala frå år til år fører til at ein enkelte år også vil ha elevtal lågare enn kapasiteten tilseier på nokon trinn. Ein berekning av elevkapasitet basert på 13 fulle klassar vil gje et godt bilete på faktisk kapasitet innanfor dagens fysiske rammer.

Berekning av elevkapasitet vert då justert ved at dei to minste klasseromma, eit på barnetrinnet og eit på ungdomstrinnet, trekkast frå i utrekninga. Dette gjev ein reduksjon på 47 elevar med delingstall 2,14, og 41 elevar med delingstall 2,5.

Berekna elevkapasitet vil då ligge mellom 300 og 340 elevar (frå delingstal 2,5 til 2,14).

2.2.2 Kapasitet ut frå netto generelt læringsareal

Dale barne- og ungdomsskole har eit samla netto læringsareal på 1367m² (klasserom, grupperom, SFO-base, datarom og fellesareal som vert nytta i ordinær undervisning). Norconsult nyttar delingstal 4,14 for å berekne generelt læringsareal (ekskl. garderobar og toalett) for en kombinertskole med 350 elevar. Dette tilseier en kapasitet på omkring 330 elevar ved Dale barne- og ungdomsskule.

2.2.3 Spesialisert læringsareal

Samla spesialisert læringsareal summerer seg til 700m². Til samanlikning tilrår Norconsult ca. 550m² netto spesialisert læringsareal for nye kombinertskular med kapasitet til 300 elevar (K300), og ca. 770m² for K500.

Musikkundervisninga er lagt til auditoriet (tilfluktsrommet) i skulen. Oppgitt arealet her er 151,5m², medan Norconsult anbefaler 90 og 130m² for K300 og K500.

Arealet for skulebibliotek er lågare enn anbefalt norm, men skulen nyttar i dag i hovudsak tilbod frå folkebiblioteket som ligg like att med skolen.

Samla spesialisert læringsareal tilseier at skulen vil kunne klare seg med eksisterande areal, sjølv med ein auke i elevtalet opp til rundt 400 elevar.

2.2.4 Uteområdet

Samla tilgjengelig uteområde er ca. 7600m². Helsedirektoratet tilrår at skular med opp til 300 elevar bør ha eit tilgjengeleg uteareal på omkring 10000m², men opnar og for at arealet kan være noko mindre dersom man har

«Tilleggsareal i rimelig nærhet, som f.eks. idrettsanlegg, skog og utmark, som skolen disponerer i skoletiden» (Helsedirektoratet 2014).

Uteområdet ved Dale BU er altså noko mindre enn anbefalinga frå Helsedirektoratet, men det er ikkje venta at elevtalet vil overstige 300 dersom dagens skulestruktur vert vidareført.

2.2.5 Oppsummering elevkapasitet

Dale barne- og ungdomsskule er ein typisk klasseromsskule, og det er derfor naturleg å leggje klasseromma til grunn for kapasitetsvurderinga. I tillegg vert det tatt omsyn til tilgang på støtteareal (grupperom og fellesareal), garderobe- og toalett, spesialisert læringsareal, lærararbeidsplassar og uteareal.

Samla sett, basert på dagens fysiske rammer, vurderast Dale barne- og ungdomsskule å ha ein reell kapasitet på omkring 310 – 340 elevar.

2.3 OPPSUMMERING

Dale barne- og ungdomsskule har i dag 230 elevar. Elevene på 1.-7.trinn er organisert i fire klassar (fådeltskole), medan ungdomstrinnet (8.-10.trinn) har to klassar pr. årstrinn. Ungdomstrinnet er sentralskule i kommunen.

Dersom skulen vert rehabilitert og sett i tilfredsstillande stand, vil skulen innanfor dagens fysiske rammer ha kapasitet til å ta i mot ein klasse pr. årstrinn på barnetrinnet, og to klassar pr. årstrinn på ungdomstrinnet (som i dag). Samla elevkapasitet er berekna til å liggje mellom 310 og 340 elevar.

Med dagens fysiske utforming, er det viktig å merke seg at skuleanlegget har likevel ei rekkje avgrensingar og svakheiter som hindrar god arealutnytting. Dette er tilhøve som ikkje vil endre seg sjølv om anlegget elles vert sett i tilfredsstillande teknisk stand.

Skuleanlegget er til dømes prega av store avstandar mellom sentrale funksjonar, og store deler av arealet går med til trafikk/gangareal. Garderobe- og toalettareala er lite føremålstenlege i plassering og utforming, undervisningsromma er små og lite fleksible, og dei fleste grupperom (støtteareal) er plassert slik at dei ikkje er lett tilgjengelig frå klasseromma.

Areal som ligg under bakkenivå, utan tilgang på dagslys, er heller ikkje egna som undervisningsareal.

Dale BU		
	Areal	Antall rom
Samla bruttoareal	-	
Netto generelt læringsareal	1 856 m2	
Klasserom	844 m2	15 rom
Grupperom	305 m2	16 rom
Garderober og toalett	142 m2	12 rom
SFO	83 m2	2 rom
Andre generelle arealer (Fellesareal, baseareal, allrom etc.)	482 m2	4 rom
Netto spesialisert læringsareal	661 m2	
Mat og helse	112 m2	3 rom
Musikk	-	-
Naturfag	77 m2	1 rom
Kunst og håndverk	282 m2	6 rom
Bibliotek	39 m2	1 rom
Andre spesialareal	151 m2	1 rom
Nettoareal personalavdeling	543 m2	
Lærerarb.pl.	226 m2	
Kontor	57 m2	
Forkontor	27 m2	
Møterom	32 m2	
Personalrom	103 m2	
Personalgarderober/WC	25 m2	
Kopi og arkiv	73 m2	
Annet personalareal	-	

Figur: Areal- og romoversikt Dale barne- og ungdomsskule